


VARMEKJÆR LAUVSKOG

I STORFJORDEN OG HJØRUNDFJORDEN



MILJØVERNAVDELINGA  
Fylkeshusa Tlf. 072 - 58 000  
6400 MOLDE

RAPPORT NR 3 -1988

ISBN 82-7430-008-4

VARMEKJÆR LAUVSKOG I STORFJORDEN OG HJØRUNDFJORDEN

Rapport fra synfaring med båt 1987

FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL, MILJØVERNAVDELINGA

## 1. FORORD

Denne rapporten er eit resultat av det arbeidet Miljøvernavingdelinga legg ned for å få ei samla oversikt over naturtilhøva i Møre og Romsdal. Da desse registreringane også kan ha interesse for andre, vert denne rapporten trykt opp og distribuert.

Registreringane vart utført og rapporten skriven av friluft- og naturvernkonsulent Alv Ottar Folkestad ved Miljøvernavingdelinga og konsulent Odd-Arild Bugge fra Biotopia.

Molde 10.1.88

  
Kolbjørn Megård  
miljøvernleiar

  
Harald Ørsahl  
naturverninspektør

I N N H O L D S F O R T E G N E L S E

| <u>Seksjon</u>                   | <u>Side</u> |
|----------------------------------|-------------|
| 1. FORORD                        | 2           |
| 2. INNLEIING                     | 3           |
| 2.1 METODE                       | 3           |
| 3. STORFJORDEN                   | 5           |
| 3.1 HOVUDINTRYKK AV VEGETASJONEN | 5           |
| 3.2 LOKALITETSBEKRIVELSER:       | 6           |
| 4. HJØRUNDFJORDEN                | 19          |
| 4.1 GENERELLE TREKK              | 19          |
| 4.2 LOKALITETSBEKRIVELSER        | 19          |

## 2. INNLEIING

I samband med arbeidet med verneplan for edellaauvskog, og arbeidet med landsplanen for nye nasjonalparkar og andre store verneområde, har det lenge vore ønska å få ei oversikt over naturtilhøva i dei store Sunnmørsfjordane. Store område er utan veg, og der det er bygd veg er det ofte så bratt at det er umuleg å få ei god oversikt over t.d. vegetasjonen.

Hjørundfjorden og Storfjorden/Geirangerfjorden vart derfor synfart fra båt seinsommaren 1987. Målsettinga med synfaringa var å få eit oversyn over skogsvegetasjonen, og da særleg edellaauvskogsforekomstane, for å kunne vurdere og prioritere område og einskildlokalitetar som bør undersøkast nærare.

### 2.1 METODE

Registreringane vart gjort slik at alle lokalitetar med varmekjær vegetasjon av noko omfang vart avgrensa på kart i målestokk 1:50 000. I tillegg vart alle observerte treslag notert i kvar lokalitet. Nokre få stader gjekk vi i land der dei mest interessante artane i feltsjiktet vart notert.

Alle lokalitetane er verdivurdert utifra botaniske vernekriteriar, der det er lagt særleg vekt på store lokalitetar der varmekjære treslag dominerar. Alm er viktigaste varmekjære treslag i dette område, men det vart og registret nokre lokalitetar med ask, lind og eik.

Verdivurderinga er svært usikker. Feilkildene er mange, og det er kun som ei rettleiing for vidare granskingar at den er satt opp. Likevel er det klart at fleire av lokalitetane med høgaste prioritering er aktuelle i den fylkesvise verneplanen for edellaauvskog.

### VERDIVURDERING

- \*\*\* Truleg regional/nasjonal verneinteresse. Må undersøkast nærare.
- \*\* Truleg lokal/regional verneinteresse. Bør undersøkast nærare.
- \* Truleg lokal verneinteresse/utan særskilt verneinteresse


### ANDRE REGISTRERINGAR

I tillegg til registreringane av skogsvegetasjon, vart fleire faste tilhaldsstader for oter og kvileplassar for skarv registrert og kartfesta. Desse opplysningane er lagt inn i miljøvernavdelinga sitt viltområderegister.

### UNDERSØKELSESOMRÅDET

Undersøkellesområdet ligg i kommunane Ørsta, Sykkylven, Ørskog, Stranda, Stordal og Norddal på Sunnmøre. Området er dekt av kartblad i M711-serien; 1219 I, II, III og IV og 1319 III og IV, og koordinattilvisingane er i UTM-systemet.

Oversiktskart



**—————** Undersøkte fjordlier

### 3. STORFJORDEN

20. og 21. august 1987 vart Storfjorden sine lauvskogslie synfart fra båt. Veret var godt med god sikt og roleg sjø første dagen. Registreringa starta på sørsida av Storfjorden langs stranda under Sandvikshornet, nord i Sykkylven kommune. Vidare følgde vi sør og vestsida av fjorden forbi Stranda inn Sunnlyvsfjorden, Hellesylt og inn til Geiranger. Deretter langs nordsida av Geirangerfjorden, austsida av Sunnlyvsfjorden, sørsida av Norddalsfjorden forbi Eidsdal og Norddal til vi kryssa over til Sylte (Valldal) og tok kveld.

Andre dagen var veret og godt, men sjøen var grovare, slik at det ikkje vart landstiging. Vi tok først sørsida av Tafjorden, og så utatt langs nordsida av fjorden forbi Sylte, Liabygda, Stordal og til Sjøholt. Da var sjøen så grov at dei siste kreftene vart nytta på å halde fast og kome seg heim.

#### 3.1 HOVDINNTRYKK AV VEGETASJONEN

Etter synfaringa vil vi dele vegetasjonen i fjordliene inn i nokre hovudgrupper.

##### FURU/HENGEBJØRK-BLANDINGSSKOG.

Dominerande skogtype fra Liabygda til Stordalsholmen, men også vanleg innover fra Liabygda. Relativt storvaksen furu i sør- og vestvende hellingar med markert innslag av frodig hengebjørk. Berre der jordsmonnet er altfor skrint, dominerer furua aleine.

##### FRODIG LAUVSKOGLI MED BJØRK

På god jord i nord- og austvende ller. Vanleg bjørk dominerer, med gråor på elvevifter og i strandsona, og furu spreidd og i kantane med skrinna jord. Ofte innslag av hassel og alm i kanten av fjell over bjørkeskogen.

##### SKREDMARK MED ALM OG HASSEL

Svært vanleg i Sunnlyvsfjorden/Geirangerfjorden. Område med skrint jordsmonn, og der årlege snøskred held skogen nede. Ofte svært frodig oppslag av hasselkratt i alle sprekker. Alm ser ut til å vere svært tolerant mot skred der den elles har gode miljøkrav.

##### EDELLAUVSKOGLI

Vanleg skogtype i heile indre delar av fjordsystemet der tilhøva elles ligg til rette. Dei fleste lokalitetane med storvaksen skog er likevel små pga. ras og tynt jordsmonn. Alm, hengebjørk og gråor er dominerande treslag, ofte med stor dekning av hassel i busksjiktet.

##### RIKE LAUVSKOGLIER

Vanleg i ytre del av synfaringsområdet og på lokalitetar med mindre gunstige klimatilhøve. Hengebjørk og gråor dominerer, med eit konsstant innslag av hassel.

##### SPESIELLE MERKNADER

Sølvasal står karakteristisk med eit tre her og eit der i tørre bratt- hamrar i store delar av området. Særleg "tett" stod asalen mellom Flatneset, rett ovafor Stranda, og Stordalsholmen ved munningen av Stordalsvika.

På austsida av Sunnylvfjorden observerte vi to svært tydelege skifte i vegetasjonen. Liene langs heile fjorden fra Geiranger og ut til Skjeret (LP 980 989) er prega av rik lauvskogsvegetasjon med hassel i rasmark som karakteristisk. Ved Skjeret er eit skarpt skilje der alm og hassel går ut, medan røsslyng (*Calluna*) kjem inn. Bjørk og gråor dominerer i tresjiktet. Neste dramatiske skifte kjem ved Smogelia, 2,5 km lengre nord. Her kjem furu inn, eit treslag som heilt manglar lenger inn på austsida av fjorden og i Geirangerfjorden. På vestsida av fjorden er det mindre av markerte vegetasjonsskiljer, men eit område med fattig furuskog går fra Uksneset og eit stykke innover.

### 3.2 LOKALITETSBEKRIVELSER:

1. SØVIK LQ 835-254 83-25,84-26 700 m strandlinje \*  
Vestvendt li med kjerreveg i nedkant. Bjørk dominerar tresjiktet, medan hassel dominerar busksjiktet. Ein del hegg og gråor, og innslag av alm og platanlønn.
2. NAUSTVIKA LQ 922-217 92-21,93-22 250 m strandlinje \*  
SØ-vendt lita li med frodig gråorskog. Endel hegg. Hassel i rasmark ovafor gråorskogen. To naust i stranda.
3. HEGGURDBUKTA LQ 919-213 91-21,93-22 500 m strandlinje \*  
Glissen og skredprega mosaikkvegetasjon av hassel og hengebjørk. Innslag av alm. SØ-vendt li.
4. VIDHAMMAR/SKJORTNESET LQ 907-188 90-17,92-21 3000 m strand \*\*  
Samanhengande rik livevegetasjon med vekslande skogsamfunn. Hassel dominerar saman med gråor. Innslag av hengebjørk og alm. Nordre 2/3 av lokaliteten har eksposisjon mot ØSØ, medan sørlege delen vender mot NØ. Fra Vidhammar går det geit på beite.
5. NAUSTVIKA LQ 920-137 91-13,93-14 150 m strandlinje \*  
Gråorskog langs elva. Innslag av alm.
6. LITLEVIKA LQ 962-064 95-06,97-07 400 m strandlinje \*  
Striper av hassel i furu/bjørkeskog. ØSØ-li i ein liten dal. I øverkant av lokaliteten er det planta gran. Mellom Litlevika og Uksneset i N veks det furuskog, medan det sørover står glissen blandingskog.
7. NEDANFOR LIAVARDEN LQ 966-035 96-03,97-05 1100 m strandlinje \*  
Furu-/bjørk-blandingskog med jamnt innslag av hassel i botnen.
8. DUKEVIKA LQ 963-027 96-02,97-03 500 m strandlinje \*  
Skredmark med hasselkratt. Nokre få store almetre. Rogn i busksjiktet.
9. GRYDDEVIKANE LQ 962-003 LP96-99,LQ97-01 800 m strandlinje \*  
Stor snau skredmark med frodig busksjikt av hassel. Geitrams. Hassel i busksjiktet preger og lia fram mot lokalitet 10.
10. NORD FOR PRESTHELLAREN LP 966-982 96-98,97-99 250 m strand \*  
Gråor-almeskog med noko hassel og bjørk.
11. YTRE ÅKERNES LP 967-961 96-96,97-97 0 m strandlinje \*  
Felt med styva alm nedanfor tunet på den fraflytta garden.
12. ÅKERNES LP 955-950 94-93,97-96 3500 m strandlinje \*\*



Kulturprega beitemark med hassel og alm. Frodig grusvifte med gråorskog.

13. PLASSEN LP 955-954 95-95,96-96 0 m strand \*\*  
Almebestand på grusrygg mellom to skredløp.

14. NORD FOR TYNNBJØRGANE LP 941-935 93-93,95-94 900 m strand \*\*(\*)  
SØ-ventd li med almeskog. Oppdelt av bekkeløp med skredmark. Forutan alm er det i tre- og busksjiktet hegg, gråor, hassel, rogn og selje. I den frodigaste delen sør i lokaliteten gjekk vi iland, og følgjande artar er notert: Kongsllys, skogsvinerot, legeveronika, mjødurt, sløkje, lintorskemunn, turt, smånesle, stornesle, hengeaks, lundgrønaks, skogfaks, bergørkvein, hundekveke, hagtorn, storfrytle, blåknapp, sarnikel, borre, kung, svartburkne, skogburkne og svarterteknapp. I ope terreng/skredmark: markjordbær, jåblom, skogvikke, mjølke, skogrørkvein, svarttopp, mjødurt, storklokke, burrot, hestehov og storarve. Sørover langs stranda står det sølvasal.

Denne lokaliteten er den ytterste av dei "fine" edellauvskogslokalitetane i Sunnlyvsfjorden.

15. SØR FOR TYNNBJØRGANE LP 932-924 93-92,94-93 400 m strand \*\*  
Mindre almeli med hengebjørk i SØ-vent li.

16. LJØVIKA LP 924-911 92-90,93-92 1000 m strandlinje \*  
Beiteprega lauvskogsli med hassel/gråordominans. Noko hengebjørk og innslag av alm. I sør står to svært store styva almetre.

17. SØR FOR HAMMAREN LP 921-899 91-89,93-91 1000 m strandlinje \*  
Hengebjørkskog med hassel og innslag av alm i nedre delen.

18. LJØEN LP 918-893 91-89,92-90 700 m strandlinje \*\*  
Rik SØ-ventd lauvskogsli med m.a. to store lindetre. Betydeleg innslag av alm. Dels kulturmark som er ved å gro att.

19. JOGARDSTRANDA LP 919-877 91-87,93-88 1000 m strandlinje \*\*  
Sørlige delen av lokaliteten er tett slutta lauvskog med alm, osp, bjørk og gråor. Dei same treslaga veks meir glissent i nordlege delen.

20. FRIAREN MP 010-867 00-86,02-88 1100 m strandlinje \*\*  
Lauvskog i NV-ventd li der gråor og bjørk dominerar. Godt innslag av alm.

21. GEITFLÅ MP 016-877 01-87,02-89 1000 m strandlinje \*\*(\*)  
Almeskog, tettslutta bestand med store dimensjonar på trea. Elles inngår hegg, gråor, rogn og hassel. Det er planta litt gran i lokaliteten.

22. SKAGEN MP 029-886 02-88,04-89 2000 m strandlinje \*\*  
Stupbratte nordvende hamrar med konstant innslag av alm der det kan vekse tre. Vestdelen av lokaliteten er ein relativt tett og samanhengande vertikal almebestand.

23. VEST FOR GRANDE MP 050-889 04-88,06-90 300 m strandlinje \*\*  
Lita men relativt fint utvikla almeli. Bør sjåast i samanheng med lokalitet 24.

24. HYSKET MP 041-895 03-89,05-90 1700 m strandlinje \*\*\*

Stor samanhengande bestand edellauvskog med alm, gråor og hengebjørk som dominerande treslag. I vest er eit parti dominert av hassel. Lokaliteten er intakt og klart avgrensa av hamrar og stup over og til begge sider. Denne lia er truleg ein av dei største og best utvikla edellauvskogslokalitane i fylket. Kan eventuelt sjåast saman med lokalitet 23.

25. BRINGEN AUST MP 027-898 02-89,03-90 500 m strandlinje \*  
Skredutsett li med hasselkratt, nokre fine almetre står spreidd.

26. BRINGEN VEST MP 020-895 01-89,03-90 900 m strandlinje \*\*  
SØ-vendt hengebjørkskog med ein del alm og hassel.

27. NORD FOR KNIVSFLÅ MP 012-888 00-88,02-90 1500 m strandlinje \*\*  
ØSØ-vendt li med skredutsett alm og bjørkeskog opptil 300 moh.

28. SØR FOR SJU SØSTRE MP 004-875 00-87,01-88 150 m strandlinje \*\*  
Fint utvikla liten almebestand.

Indre halvdel av Geirangerfjorden (lokalitet 20-28) har, så nær som i skredløp, samanhengande varmekjær vegetasjon på begge sider av fjorden. Lokalitet 21 og 24 er de mest interessante skogkledde lokalitetane, men den største verdien ligg i heilskapen der ein kan sjå alle variantar av varmekjær vegetasjon med omsyn til helling, soleksposisjon og skredpåverknad.

29. LANGFLÅ LP 980-865 97-86,99-87 900 m strandlinje \*  
Homogen og rein hengebjørkbestand på relativt tørr, grov raskjegle.

30. FURNESVIKA LP 949-911 94-90,96-92 1700 m strandlinje \*\*  
Frodig vestvendt li med hengebjørk, alm og gråor.

31. OALDSBYGDA LP 977-944 97-93,99-96 2000 m strandlinje \*\*  
Frodig lauvskogslier med dominans av gråor og bjørk. Innslag av alm og hassel. Vegetasjonen i Oaldsbygda er kartlagt i ei studentoppgåve.

32. SØR FOR VINDSNESET LP 983-969 98-96,99-98 300 m strandlinje \*  
Lita lauvskogsli med hassel og hengebjørk. Enkelte innslag av alm.

33. SKJERET LP 980-989  
Vegetasjonsskilje. Innafor dette punktet er det på austsida av Sunnylvsfjorden eit konstant innslag av varmekjær vegetasjon med hassel og alm som karakteristiske artar. Nord for Skjeret kjem røsslyng inn, og tresjiktet er dominert av vanlig bjørk og gråor. Alm og hassel er heilt borte.

34. SMOGE LQ 983-016  
Vegetasjonsskilje. Innerste veksestad for furu på denne sida av fjorden. Fattig furuskog pregar lia heilt ut til munningen av fjorden, inkludert olivinforekomstane ved Røbbersvika gruver. Når lia snur mot nord under Skrednakken (mot Norddalsfjorden) kjem det igjen innslag av alm.

35. GEITVIKA MQ 093-064 09-06,10-07 400 m strandlinje \*  
Mindre NV-vendt lauvskogsli med bjørk, hassel og innslag av alm.

36. OSVIK MQ 121-070 11-06,13-08 1400 m strandlinje \*  
Frodig nordvendt blandingsskog med furu og bjørk. Kraftig gråorskog på grusvifte midt i lokaliteten. Ikkje innslag av varmekjære treslag.

37. ALVIKA MQ 154-049 15-04,16-06 500 m strandlinje \*\*  
Svært frodig lita lauvskogsli med dominans av bjørk, gråor og selje. Innslag av alm og osp. Ein del hassel i busksjiktet.
38. UNDER ALVIKHORNET MQ 160-041 15-03,17-05 1300 m strandlinje \*\*  
ØNØ-vendt li med glissen alm- og bjørkeskog.
39. SEINESET MQ 169-032 16-03,17-04 300 m strandlinje \*\*  
Lita "hole" med frodig alm- og bjørkeskog.
40. SØR FOR SLUFSA MQ 172-023 16-01,18-03 800 m strandlinje \*\*(\*)  
Svært frodig og tett lauvskogsli på rasvifte der bjørk og gråor dominerer. På den nordlege delen, nord for bekken, står det en relativt stor og homogen almebestand. Noko alm står det og øvst i skogslia sør i lokaliteten. Ned mot sjøen og eit stykke oppover i sørenden er det planta gran.
41. TAFJORD AUST MQ 184-014 18-01,19-02 0 m strandlinje \*\*\*  
Rik vestvendt lauvskogsli ovafor vegen. Fleire større tette almebestand oppdelt av grunnlendte fjellknausar. På rasvifte står det frodig osp og gråor.
42. TAFJORD VEST MQ 171-008 16-00,18-02 0 m strandlinje \*\*  
Den austvendte lia ovafor busetnaden er grunnlendt, men har eit rikt og varmekjørt preg med flekkvise forekomstar av alm.
43. SØRDALSVIKA MQ 186-030 18-02,20-04 1000 m strandlinje \*\*\*  
Svært frodig og stor vestvendt lauvskogsli nedanfor munningen av Muldalen. På konvekse former ved Muldalsfossen dominerer hengebjørka. Nederst i lia står det ein del gråor. Elles dominerer alm helt opp til den tynnast ut i rasmarka over lia. Fra tunnellåpningen i Skjegg-hammaren og vestover tar furu over, men med eit markert almeinnslag også her. Denne lia er truleg ein av dei største og best utvikla edellauvskogslokalitetane i fylket.
44. N FOR INSTE FURUNESSET MQ 168-052 16-04,18-06 1000 m strand \*  
Fjellside som i stor grad er renska til berget. I alle sprekker og der det ellers er litt ly står det frodig hasselkratt. Små "klattar" med alm på dei mest eigna lokalitetane.
45. N FOR YSTE FURUNESSET MQ 151-071 14-06,16-08 1000 m strand \*\*  
Frodig og godt utvikla lauvskogsli. Nesten rein almedominans i austenden med store trær. I vest dominerar hengebjørka, men med eit markert oppslag av hassel og alm i busksjiktet.
46. LINGE MQ 071-075 06-07,08-08 300 m strandlinje \*(\*)  
Lite parti med rik vegetasjon. I stranda står svartor og morell. Svartora er den sør- og austlegaste registreringa vi gjorde. Lokaliteten er gjennomskore av veg og kraftlinje. I kraftgata er det eit kraftig oppslag av hassel. Innslag av ask. Det står hytter i strandsona.
47. LINGE FERJEKAI MQ 062-075 06-07,07-08 0 m strandlinje \*  
Ovafor riksvegen, vest for bekken står eit skogsparti med hengebjørk, hassel og osp. Furu i nedre delen.
48. STEIGGJELET MQ 051-083 04-08,06-09 0 meter strandlinje \*\*  
Frodig og tett lauvskogsli med bjørk, osp, alm og hassel i SV-vendt fjellskråning ovafor riksvegen. Bestandet grensar mot meir glissen furuskog.

49. LAUVVIKANE MQ 039-087 03-08,04-09 200 m strandlinje \*  
Det meste av lokaliteten er øydelagt av vegfyllinga. Aust for fyllinga står ein del pene ospetre, og det er eit kraftig oppslag av hassel.
50. OVRÅ MQ 008-096 00-09,02-10 500 m strandlinje \*\*\*  
Bratt SV-vendt li nedanfor dyrka mark, 0-140 moh. I øvre austre delen står det uvanleg stor og frodig almeskog i tett bestand. Elles er det rik blandingslauvskog med alm, hengebjørk, hassel, morell, svartor, rogn, platanlønn, hegg, mispel og furu. Nede ved stranda står 3-4 store, tørre almetre. Nedløpsrør går gjennom lokaliteten.
51. LIASTØA LQ 991-104 99-10,00-11 300 m strandlinje \*\*  
Stor bestand av villmorell i nedre delen. Flekkvis små bestand med grov alm og gråor.
52. ANSOK LQ 975-104 96-10,99-11 0 meter strandlinje \*  
Storvokst og homogen bestand furuskog mellom gardane og vegen ned til ferjeleiet.
53. DJUPDALEN LQ 939-159 93-15,95-17 800 m strandlinje \*(\*)  
Frodig blandingskog med furu og hengebjørk i vestvendt bratt fjordli. Rikare feltsjikt.
54. LATØYNA LQ 936-165 93-16,94-17 700 m strandlinje \*\*  
Kulturprega lokalitet med strandberg og gamle slåtteenger kransa av frodig skogsmark med alm, hassel, hengebjørk og furu.
- 55-57. HOLMEBUGEN LQ 948-177 93-17,96-18 2000 m strandlinje \*\*  
Frodig nordvendt lauvskogsli på sørsida av Stordalsvika. Vestlege delen er dominert av bjørk og osp, og med markert innslag av gråor. På skredrenne langs elveløp midt i området står eit svært frodig bestand med gråor- og platanlønnskog. I aust er lia som i vest, men med innslag av ask og platanlønn. I tillegg er det planta ein del gran i denne delen.
58. NESPLASSEN LQ 953-189 94-18,96-20 1200 m strandlinje \*\*\*  
Sørvendt lauvskogsli på nordsida av Stordalsvika. Ask og osp er dominerande treslag. Korsmo har skildra ein mindre lokalitet midt i området, men skogen aust for denne lokaliteten ser ut til å være tettare og meir samanhengande. Nokre striper med granplantefelt skjer gjennom lauvskogsbestandet.
59. SELJENESET LQ 944-196 94-19,95-21 1500 m strandlinje \*\*  
Vestvendt fjordli med dominans av osp. Markert forekomst av furu/hengebjørk-blandingskog. Stort oppslag av hassel i busksjiktet.
60. STAMNES LQ 941-205 93-20,95-21 400 m strandlinje \*\*(\*)  
Tett frodig lauvskogsli der gråor dominerer nedre delen og hengebjørk øvre delen. God forekomst av ask, osp og hassel, og innslag av alm.
61. UNDER STAMNESBOTN LQ 943-216 94-21,95-22 400 m strand \*\*(\*)  
Vestvendt lauvskogsli med utforming lik lokalitet 60, men med større innslag av alm. Lokaliteten er avgrensa av riksvegen i nedkant.
62. SMINESET LQ 936-239 93-23,94-25 1000 m strandlinje \*\*(\*)  
Sørvestvendt fjordli med fleire mindre men gode edellauvskogsbestand, oppdelt av konvekse terrengformer. Hassel og alm dominerer med endel osp og hengebjørk. Gråor i strandsona. Det best utvikla enkeltbestandet står i nordenden av lia.

63. BJØRKENESET LQ 926-246 92-24,94-25 700 m strandlinje \*\*\*  
Sørvestvendt fjordli med dominans av alm. Samanhengande skog, men lauvskogen er noko oppdelt av granplantefelt. Korsmos lokalitet ligg heilt nord i lia, og er noko redusert av tunellbygginga som er gjort. I strandsona står det svartor og vivendel.
64. VAKSVIKA LQ 910-265 90-26,92-27 150 m strandlinje \*  
Strandskog nedanfor vegen med ask, platanlønn og endel gran.
65. SØR FOR VESTRE LQ 905-270 90-26,91-28 200 m strandlinje \*\*  
Grusøyr på sørsida av elveutløpet. Gråor og ask dominerer tresjiktet. Nedanfor fin steinstrand med strandrug. Eit naust.
66. AMDAM-VESTRE LQ 894-276 88-27,91-28 1700 m strandlinje \*\*(\*)  
Sørvendt grusstrand og strandberg med varmekjær vegetasjon. I aust nedanfor dyrka mark med svartor, gråor, ask, platanlønn, osp og rykne-rose. Mispel, vindel og vivendel på strandberg i vest.
67. LISETVIK LQ 874-277 87-27,88-28 300 m strandlinje \*(\*)  
Frodig lauvskogsli bjørkedominans. Endel ask, platanlønn og osp, og med stort innslag av hassel i busksjiktet. Svartor i strandsona.
68. GAUSNES LQ 867-276 86-27,87-28 500 m strandlinje \*\*  
Endel svartor i strandsona. Her går og svartora litt bak sjølve strandberga.
69. SJØHOLT LQ 856-304 85-30,87-31 0 m strandlinje \*\*\*  
Sørvendt stor samanhengande lauvskogsli i konkav terrengform. Ask, gråor, alm, platanlønn og hassel. Noko gran er planta i nedre delar.
70. STORVIK LQ 849-301 84-29,86-31 0 m strandlinje \*\*  
Lauvskogsli som lokalitet 69, men noko oppstykkka av fjell i dagen.

Kart over lokalitet 1-4 og 64-70














Kart over lokalitet 20-29 og 31-32



Kart over lokalitet 35 og 46-50



Kart over lokalitet 36-45



#### 4. HJØRUNDFJORDEN

Lauvskogsliene langs Hjørundfjorden vart synfart med båt 4.9.87. Veret var vindstille, lettskya og nokre lette regnbyger. Sikta var god. Turen gjekk innover fjorden på austsida, innom Øye og inn i fjordbotnen. Så ut igjen langs vestsida om Sæbø og ut til Storfjorden.

##### 4.1 GENERELLE TREKK

Heile vestsida av Hjørundfjorden er, med unntak av Hustadnes, prega av bjørkeskog med ein del hassel i busksjiktet innafor Sæbø. Austsida av fjorden har eit konstant innslag av varmekjær vegetasjon med alm som karakterart. Det gjeld også nordsida av Norangsfjorden. I indre del av fjorden er fleire lier sterkt prega av geitebeiting. Innafor Viddal gjer fjorden ein sving, og her snur bildet, med varmekjær vegetasjon på vestsida, og baksoles geitebeita bjørkeli på austsida.

##### 4.2 LOKALITETSBEKRIVELSER

###### 1. GJEVENES-STRANDABØ LQ 672-150 66-13,69-17 4000 m strand \*\*\*

Vestvendt lauvskogslie i ytterenden av Hjørundfjorden. Dels svært bratt med fleire mindre skredløp, steinur og mektige juv. Vanleg bjørk med eit konstant innslag av hassel i busksjiktet dominerer. Stadvis er det gode almebestand, elles finst alm spreidd, særleg i øverkant, i det meste av lia. Osp står i tette, reine bestand fleire stader. Innslag av hengebjørk og lerk. Gråor er det lite eller ikkje noko av utanom ein fin bestand på grusvifte nedanfor Auelvgylet. Ovafor gråorvifta står ein del furu i skrinn, bratt mark. Det skal vere barlind i området, utan at vi kunne observere arten.

I nedkanten av heile lia går det ei stor kraftline (300 kV?).

Dei beste almebestandane er på vedleggskartet skravert ut.

Ved LQ 673-145 vart feltsjiktet undersøkt. Nedanfor følgjer ei artsliste som må sjåast som eit utval av dei mest interessante artane som vart registrert: Lundgrønaks, myskegras, ormetelg, stankstorkenebb, markjordbær, hundekveke, hestehov, revebjelle, englodnegras, myske, storfrytle, hengeaks, breiflangre(?), sanikel, kratthumleblom, brunrot, kranskonvall, svarterteknapp, krattmjølke, tågebær, vivendel, gulflatbelg og ei nyperose som likna mest på kjøtttype, men som har nypa på eit 12 mm langt skaft.

###### 2. STRANDABØ-MOLAUPEN LQ 677-125 67-11,67-14 1300 m strand \*

Skrinn lauvskogslie med bjørk. På innmarka og rundt garden Strandabø er det planta ein del gran. Sør i området er det noko hassel i busksjiktet, samt litt gråor. Nedanfor Molaupshammaren står det ei og anna alm, og heilt nede ved sjøen står frodig gråorskog på ei lita skredmark. Rundt garden Molaupen er det planta sitkagran.

###### 3. SØR FOR MOLAUPEN LQ 680-112 67-10,69-12 1000 m strand \*\*

I bratte berg ned i sjøen, like sør for garden, står fleire store og flotte almetre. På begge sider av elvegjelet står det frodig, storvokst lauvskog med bjørk, gråor, osp, rogn og ein del alm. Mykje

hassel i busksjiktet. Sør for den frodige skogen er eit parti med skrinnare skredmark med meir glissen vegetasjon. Hassel dominerer, med spreidde bjørk- og gråortre.

4. STOKKELIA-LYNGNESET LQ 687-090 68-07,70-11 3000 m strand \*(\*)

Vestvendt li med glissen bjørkeskog. Noko alm i øvre delen, ein del hassel i busksjiktet. Elles ein del osp og rogn. Nokre furutre på Barlindneset. Namnet tyder på at det også er eller har vore barlind her. Dei glisne skogbestandane er sterkt oppsplitta av juv, glatt fjell og skredløp.

5. TRANDAL LQ 696-068 69-06,71-08 1500 m strandlinje \*\*

Sørvestvendt sterkt beiteprega lauvskogsli. Bjørk, gråor, selje, osp og hassel dominerer. Flekkar med ope steinur, veg i nedkanten.

6. SØR FOR RØNNINGEN LQ 708-043 70-04,71-05 600 m strandlinje \*\*\*

Sørvestvendt li med sjeldant frodig og homogen hasselskog. Berre ei og anna bjørk, hengebjørk og selje splittar opp kronetaket på hasselbestandet. Fra feltsjiktet er følgjande artar notert: Myske, skogfredløs, hengeaks, vivendel, myskegras, storklokke, markjordbær og brunrot.

7. LINDEREMMEN LQ 714-031 71-02,72-04 600 m strandlinje \*\*\*

Frodig lauvskogsli med osp og hassel som dominerande treslag. Eit konstant innslag av alm i heile lia, og i øvre delen ein større "rein" almebestand. Mellom to skredfar nord i lokaliteten står ein mindre bestand lindeskog, som på avstand såg noko "pjuskete" ut. Denne lindbestandene vart inventert av Korsmo-75. Fra feltsjiktet er noterte vi myskegras og lundgrønaks.

8. LIA UNDER SAKSA LQ 717-014 71-00,73-03 2600 m strand \*

Beiteprega lauvskogsli med bjørk og hassel, ein del alm øvst i lia. Over lia er eit felt med olivin med furuskog på.

9. LEKNES LQ 728-001 LP 72-99, LQ 74-01 1200 m strand \*\*\*

Sørvendt lauvskogsli yst i Norangsfjorden. Konstant innslag av storvaksen eik. Bjørk dominerer i tresjiktet, med eit svært frodig busksjikt med hassel. Ein del osp i øvre delen. Alm vart ikkje observert. Ein del gran er planta inntil lokaliteten, og det går veg og kraftlinje langs stranda.

10. URKE-ØYE LP 764-999 LP74-98, LQ 78-01 4000 m strand \*\*

Sørvendt lauvskogsli med mange skredmerker og sva. I vestlege delen (28) er det ein fin bestand gråor-almeskog, og med mykje hassel og alm elles i lia. Fin ospebestand øvst. Innover fjorden er skogen meir glissen med bjørk som dominerande treslag. Elles mykje osp og hassel, og noko alm. Fleire mindre granplantefelt. Veg og kraftlinje i nedkant av lia.

11. ØYE LP 784-984 78-98,79-99 0 m strandlinje \*\*

Lauvskogsli ovafor Øye sentrum. Bjørk og hassel dominerer. Elles ein del ask, platanlønn og alm.

12. STENNES LP 752-992 72-98,78-00 5000 m strandlinje \*

Nordvendt li på sørsida av Norangsfjorden. Ekstremt geitebeite der feltsjiktet mest liknar på grasplen. Ein del bjørk i ytre delar, men ovafor tunet er det berre einskilde spreidde tre.

13. STÅLBERGNESET-GALLSTEINANE LP 739-967 72-95,75-99 3500 m \*\*

Sørvestvendt li med glissent tresjikt. Frodig busksjikt av hassel dominerer. Skredur med frodig lauvskog, m.a. med gråor. Elles ein del osp, bjørk og alm. Dei to beste almebestandane er ein heilt i nord, og ein like under Blåhornet. I sør er eit granplantefelt.

14. SÆVÅG LP 751-943 74-94,76-95 500 m strandlinje \*  
Vestvendt fjellsva med hasselkratt.

15. N FOR VIDDAL LP 753-936 75-93,76-94 250 m strandlinje \*  
Beitepåverka bjørkeskog med ein del store, fine almetre.

16. BJØRKE LP 727-892 77-89,73-90 200 m strandlinje \*  
Sørvestvendt bratt berghammar og steinur med almeskog.

17. FINNES LP 721-904 71-90,73-91 500 m strandlinje \*\*  
Austvendt grusvifte med svært tett og frodig gråorskog.

18. KVAMSEELVA LP 722-910 71-90,73-92 700 m strandlinje \*\*  
Austvendt lauvskogslie med bjørk og hassel. Ein del alm i øvre delen, og gråor i skredrenner. Innslag av selje og rogn.

19. MJØLFOSSEN LP 729-915 72-91,74-92 1100 m strandlinje \*\*\*  
Frodig søraustvendt almeli med hassel i busksjiktet. Noko bjørk, og innslag av rogn og selje. I nedkant vart nokre tørre almetre observert.

I feltsjiktet vart følgjande artar registrert: Burot, brunrot, skogsvinerot, gulflatbelg, stornesle, vendelrot, skjorbuksurt, storklokke, myske, jordbær, krossved, kratthumbleblom, skogvikke, lundgrønaks, hundekveke, strandrør, jonsokblom, storfrytle, kjempesvingel og "kjøtt-nype" med opptil 17 mm skaft på nypa.

Lokalitetane 17-19 bør vurderast i samanheng i samband med verneplan for edellauvskog.

20. NESSET LP 739-925 73-91,74-94 1300 m strandlinje \*  
Vestvendt fjordli med bjørk, osp og noko hassel. Spreidd alm i øverkant av lia. På skredsua står tette hasselbestand.

21. SKARVHAMMAREN-HUSTADNESET LP 721-964 70-93,74-00 7500 m \*  
NNØ-vendt fjordli med bjørkeskog. Ein del hassel i busksjiktet. Heilt sør og nord i lia er det innslag av alm. Under Skåranakken er lia i ca 2,5 km lengde kraftig nedbeita av geit.

22. HUSTADNES LP 700-996 69-98,71-00 500 m strandlinje \*\*\*  
Svært god almebestand i stupbratt austvendt berghammar. Alma står heilt fra toppen av åsen og ned til fjorden der store tre har greinene hengande utover sjøen. I bestandet er det også innslag av hassel, osp, bjørk og gråor. I nord grensar almeskogen mot beitemark.





Kart over lokalitet 5-9, 12-14 og 22



Kart over lokalitet 8-21

